Dokument	Vedlegg 1B-1
Tittel	Handlingsreglar for Skyss sine leverandørar og leverandørkjeden om ivaretaking av grunnleggjande menneskerettar, etikk og miljø
Kontraktsreferanse	SKYSS/2025
Sider	6

Handlingsreglar for Skyss sine leverandørar og leverandørkjeden om ivaretaking av grunnleggjande menneskerettar, etikk og miljø

Leverandøren skal under heile kontraktsperioden overhalde punkt 1-4 i desse handlingsreglane. Handlingsreglene er overordna kontraktvilkår og krav/forventingar til verksemder som leverer varer og tenester til Skyss.

Handlingsreglane bygger på FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGP) og OECDs retningsliner for ansvarleg næringsliv med aktsemdvurderingar som metode. Begge rammeverka anbefaler aktsemdsvurderingar som føretrekt metode for å kartleggje, førebygge, avgrense og gjere reie for korleis verksemder handterer eventuell negativ påverknad på arbeidstakar- og menneskerettar i eigen verksemd og i leverandørkjeden. Vidare stiller handlingsreglane krav til arbeidsmiljø, etisk framferd og ivaretaking av klima og miljø.

Dersom leverandøren bruker underleverandørar for å oppfylle denne kontrakten, er leverandøren forplikta til å vidareføre og bidra til etterleving av desse handlingsreglane også i leverandørkjeden.

1. Etterleving av internasjonale konvensjonar og arbeidsmiljølovgiving i produksjonsland, etisk framferd og ivaretaking av klima og miljø

Varane og tenestene som leverast i denne kontrakt skal vere framstilt under forhold som er i tråd med krava i konvensjonane og lovgivinga som nemnd nedanfor:

<u>Menneskerettar</u>

- ILOs kjernekonvensjonar om tvangsarbeid, barnearbeid, diskriminering, fagforeiningsrettar og retten til kollektive forhandlingar: nr. 29, 87, 98, 100, 105, 111, 138 og 182.
- Der kor konvensjon 87 og 98 er avgrensa ved nasjonal lov skal arbeidsgjevaren legge til rette for, og ikkje hindre alternative mekanismar for fri og uavhengig organisering og forhandling.
- FNs barnekonvensjon, artikkel 32.
- Arbeidsmiljølovgiving i produksjonsland[1]. Av særlege relevante forhald framhevast 1) løns- og arbeidstidsføresegner, 2) helse, miljø og tryggleik, 3) regulære tilsettingsforhald, inklusive arbeidskontraktar, samt 4) lovfesta forsikringar og sosiale ordningar. Dette inneber mellom anna:
    - Leverandøren sitt personell som utførar arbeid under denne kontrakten skal ha gyldig arbeidsløyve.
    - Leverandøren pliktar å følgje lovbestemte krav til arbeidstid og overtid.
    - Utskifting av nøkkelpersonell skal godkjennast av oppdragsgjevar. Godkjenning kan nektast ved sakleg grunn. Kostnad med opplæring av nytt personell skal leverandør sjølv dekke.
    - Personell som opptrer på ein klanderverdig måte eller som vert vurdert som ueigna til å utføre tenester omfatta av avtalen skal skiftast ut omgåande for leverandøren sin kostnad.
    - Leverandøren er ansvarleg for at fagpersonell har dei offentlege godkjenningar, fagbrev, maskinførarbevis og sertifikat eller liknande som er naudsynte for å utføre tenesta.
    - Løn, oppgjer og anna godtgjersle til eigne tilsette, tilsette hos underleverandør, innleigde og sjølvstendige oppdragstakarar skal utbetalast til den einskilde sin konto i bank.
    - Innleigde eller arbeidskraft frå bemanningsføretak som nyttast til å oppfylle kontrakten skal ha arbeidskontraktar som sikrar at desse får tariffløn eller liknande

[1] Her meinast alle produksjonsland i leverandørkjeden der utvinning og produksjon av råvare og/eller komponent/halvfabrikata og/eller ferdigvare, inklusive distribusjon og transport, skjer.

- anten oppdraga er for oppdragsgjevar eller andre - så lenge avtaleperioden mellom leverandøren og oppdragsgjevar varer.
- Tilsette sin helse, miljø og tryggleik er leverandøren sitt ansvar. Leverandøren skal i høve dette ha kontroll på farar og ta førehandsreglar for å unngå ulykker og arbeidsrelaterte sjukdomar, sørgje for opplæring og sikre at dei tilsette har naudsynt kunnskap om helse- og tryggleiksforhald, og ha eit tilfredsstillande styringssystem for yrkesrelatert helse og tryggleik i samsvar med arbeidsmiljølova.
- Respekt for ein kvar persons verdigheit, privatliv og rettigheiter. Uakseptabel handsaming av tilsette som til dømes psykisk mishandling, trakassering og diskriminering skal ikkje tolererast. Det er forbod mot oppførsel som inneber uttale, kroppsspråk og fysisk kontakt som er av seksuell, tvingande, truande, fornærmande eller utnyttande karakter.
- Sjå også vedlegg 1B-2 om Krav til løns- og arbeidsvilkår.

Etikk

- Vidare er det ikkje akseptert at leverandør sin eigen verksemd og i leverandørkjeden utførar eller medverkar til:

    - korrupsjon eller å gje ei utilbørleg gåve eller føremon eller løfte om dette for å utføre eller la vere å utføre ein tenestehandling. Dette gjeld også direkte eller indirekte utilbørleg påverknad av oppdragsgjevars tilsette eller representantar. Døme på dette vil vere gåver, bevertning, sosiale arrangement, underhaldning, reiser, utgiftsdekning, rabattar eller liknande. Unnatak gjeld for gåver av ubetydeleg verdi i samband med foredrag eller liknande.
    - kvitvasking av pengar eller finansielle transaksjonar med dette som formål.
    - brot på konkurransereglane, ulovleg prissamarbeid eller marknadsdeling.

Miljø

- Leverandøren skal ivareta klima og miljø i sin eigen verksemd og i leverandørkjeden:

    - etterleve gjeldande lovgiving for ivaretaking av klima og miljø, og aktivt arbeide for klimanøytral og grøn økonomi i samsvar med mellom anna Parisavtalen og FNs berekraftsmål og EU/EØS regelverk,
    - søkje å nytte eigna sertifiseringsordningar og liknande for å sikre dokumentasjon, transparens og mest mogleg berekraft i produksjon og avhendinga av materiell, energilager- og system,
    - iverksette tiltak for å redusere negativ klima- og miljøpåverknad av sine aktivitetar, og
    - nytte eller ta i bruk eit tilfredsstillande styringssystem for miljø og vedtekne retningsliner (policy) om miljø som har ein akseptabel standard i høve til kontraktens gjenstand. Dette vert regulert nærare i den einskilde kontrakt.

Nasjonale tryggingsinteresser i transportsektoren

- Leverandøren skal vurdere om hans økonomisk aktivitet i tilknyting kontrakten inneber involvering av aktørar som er tilknytt land som kan utgjere ein risiko for at nasjonale sikkerheitsinteresser kan bli truga. For nærare informasjon og varslingsplikt, sjå vedlegg 1B-3 Retningslinjer for virksomheter i transportsektoren: Håndtering av økonomisk aktivitet med utenlandske aktører som kan utgjøre en risiko for at nasjonale sikkerhetsinteresser blir truet.

Der kor internasjonale konvensjonar og nasjonal lovgiving omhandlar same tema, skal den høgaste standarden alltid gjelde.

2. Retningsliner (policy) og rutinar for aktsemdsvurderingar

For å sikre etterleving av krava i punkt 1 i leverandørs eigen verksemd og leverandørkjeden, samt for å førebygge og handtere eventuelle avvik frå krava, skal leverandøren seinast innan 6 månadar etter kontraktsignering, ha retningsliner (policy) og rutinar på plass for aktsemdsvurderingar. Verksemder som er omfatta av openheitslova (åpenhetsloven) skal ha dette på plass ved kontraktsignering.

Det betyr at leverandøren skal kartlegge, førebygge, avgrense og gjere reie for korleis dei handterer risiko for negativ påverknad på krava i punkt 1, og rettar opp skade. I tråd med metoden for aktsemdsvurderingar skal interessentar, særleg involverte innehavarar av rettigheitar, involverast. Alvorlegast risiko, uavhengig av kvar i leverandørkjeden risikoen er, prioriterast først.

Leverandørens aktsemdsvurderingar skal omfatte:

2.1 Ein eller fleire offentlege tilgjengelege retningsliner (policys), vedtatt av styret. Innhaldet skal som minimum omfatte ein forplikting om å etterleve krava i punkt 1, i eigen verksemd og i leverandørkjeden. Ein eller fleire tilsette på leiingsnivå skal ha ansvar for etterleving og rapportering om arbeidet med aktsemdsvurderingar til styret. Leverandøren skal ha rutinar for formidling og regelmessig oppfølging av slik retningsline (policy) i eigen verksemd og i leverandørkjeden.

2.2 Rutinar for å utføre regelmessige risikoanalysar i eigen verksemd og i leverandørkjeden. Det innebere å kartlegge og vurdere risiko for brot på krava i punkt 1.

2.3 Rutine(ane) skal beskrive kva for tiltak leverandøren vil iverksette for å stanse, førebygge eller redusere negativ påverknad og skade på krava i punkt 1.

2.4 Leverandøren skal gjere reie for rutinar for å overvake at tiltaka vert gjennomført og har effekt.

2.5 Leverandøren skal kunne vise til offentleg tilgjengeleg informasjon om arbeidet med aktsemdsvurderingar i eigen verksemd og i leverandørkjeden. Dette omfattar korleis risiko for brot på krava i punkt 1, og eventuell skade i eigen verksemd og i leverandørkjeden, er handtert.

2.6 Dersom leverandøren har forårsaka, eller medverka til skade, skal dette handterast ved å sørge for eller samarbeide om å rette opp skaden og yte erstatning til skadelidne.

Leverandøren skal seinast innan 6 månader etter kontraktsignering nytte skjema for eigenrapportering (forenkla versjon) for dokumentasjon på at han har retningsliner (policy) og rutinar for aktsemdsvurderingar.

Eigenrapporteringsskjema og etterprøvingsverktøy som nyttast for rapportering og etterprøving, sjå:

https://anskaffelser.no/verktoy/maler/egenrapportering-og-etterprovingsverktoy

3. Kontraktsoppfølging

Leverandøren skal sikre at krava i punkt 1 og 2 vert etterlevd i eigen verksemd og i leverandørkjeden.

Dersom leverandøren blir klar over forhold i strid med punkt 1 og 2 i leverandørkjeden, skal leverandøren rapportere dette til oppdragsgjevar utan ugrunna opphald.

Oppdragsgjevar vil nytte etterprøvingsverktøy på ovannemnde nettside i kontraktoppfølginga.

Skyss kan krevje at etterleving dokumenterast ved eit eller fleire av følgande tiltak:

3.1 Framvise vedtekne retningsliner (policys) og rutinar, jf. punkt 2.
3.2 Framvise ein oversikt over produksjonseiningar i leverandørkjeden, inkludert kontaktopplysningar, for utvalt produkt, og/eller komponentar og/eller råvarer. Oppdragsgjevar angjev kva for produkt og kva for ein del av leverandørkjeden.
3.3 Svare med eigenrapportering seinast seks veker etter utsending frå oppdragsgjevar, med mindre oppdragsgjevar har satt ein annan frist.
3.4 Framvise gjennomført risikoanalyse, og rapportere om oppfølging og handtering av funna.
3.5 Delteke i oppfølgingssamtale(ar) med oppdragsgjevar og eventuelt andre relevante interessentar.
3.6 Framvise rapport(ar)relevant(e) for krava i punkt 1 og 2.
3.7 Kontroll og revisjon av krava i punkt 1 og 2 hos leverandøren.
3.8 Kontroll og revisjon av krava i punkt 1 og 2 i leverandørkjeden.

Kontraktsoppfølging kan gjennomførast av oppdragsgjevar eller av offentleg eining som oppdragsgjevar samarbeider med. Partane bere eigne kostnader i samband med 3.7 og 3.8. Vert det ved slik kontroll og revisjon avdekka vesentlege avvik, kan leverandøren bli pålagt heilt eller delvis å dekke oppdragsgjevar (også engasjert 3. part) sine kostnader med kontrollen og revisjonen.

Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å dele revisjonsrapportar og annan kontraktsoppfølgingsinformasjon med andre offentlege verksemder. Dei offentlege verksemdene omfattast av teieplikta.

4. Sanksjonar

Ved brot på punkt 1-3, eller om det føreligg manglar i dokumentasjonen, gjeld sanksjonsføresegnar i hovudkontrakten med følgjande tillegg og presiseringar. Oppdragsgjevar kan:

4.1 Krevje retting: Leverandøren skal framlegga ein tiltaksplan for når og korleis kontraktsbrota skal rettast. Tiltaka skal vere rimelege sett i forhald til brotenes art og omfang. Tiltaksplanen skal leggast fram innan fire veker. Ved vesentlege kontraktsbrot kan oppdragsgjevar sette ein kortare frist. Oppdragsgjevar skal godkjenne tiltaksplanen og dokumentasjon av rettingar.

4.2 Iverksette midlertidig stans i heile eller deler av leveransen når leverandøren ikkje oppfyller kravet om å legge fram tiltaksplan eller tiltaksplanen ikkje vert overhaldt. Under stans vil ikkje erstatningskjøp som vert føreteken hos annan leverandør vert sett på som kontraktsbrot.

4.3 Krevje at leverandøren bytter underleverandør ved vesentlege kontraktsbrot, gjentakande alvorlege brot eller om tiltaksplanen ikkje vert overhaldt. Dette skal skje utan kostnad for oppdragsgjevar.

4.4 Heve kontrakten: Ved vesentlege kontraktsbrot, gjentakande alvorlege brot eller om tiltaksplanen ikkje blir overhaldt.